



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Kåre Træen  
Telefon: 57643004  
E-post: fmsfktr@fylkesmannen.no

Vår dato  
13.09.2018  
Dykkar dato  
29.06.2018

Vår referanse  
2018/2243- 331.2  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Pb 8112 Dep  
0032 OSLO

**Ikkje offentleg, jf. offl. § 5 utsett innsyn**

## Fordeling av skjønnsmidlar til kommunane for 2019

### 1. Fordeling av skjønnsmidlane

Vi viser til brev datert 29. juni 2018 og tildelt skjønnsramme for nye Vestland. For kommunar i dagens Sogn og Fjordane har Fylkesmannen fordelt ramma slik:

Kommunar	Kommune nummer	Skjønn 2019	Skjønn 2018	Differanse 2018-2019
Flora	1401	11 500	13 250	-1 750
Gulen	1411	-	800	-800
Solund	1412	1 500	2 400	-900
Hyllestad	1413	1 300	1 900	-600
Høyanger	1416	-	-	0
Vik	1417	-	-	0
Balestrand	1418	1 200	1 000	200
Leikanger	1419	-	-	0
Sogndal	1420	5 300	6 800	-1 500
Aurland	1421	-	-	0
Lærdal	1422	-	-	0
Årdal	1424	-	-	0
Luster	1426	-	-	0
Askvoll	1428	1 600	1 800	-200
Fjaler	1429	1 700	2 300	-600
Gaular	1430	1 100	1 200	-100
Jølster	1431	1 500	1 100	400
Førde	1432	9 200	10 400	-1 200
Naustdal	1433	1 200	1 400	-200
Bremanger	1438	-	-	0
Vågsøy	1439	1 400	1 650	-250
Selje	1441	1 300	1 700	-400
Eid	1443	1 200	1 200	0
Hornindal	1444	200	300	-100
Gloppen	1445	600	-	600
Stryn	1449	400	500	-100
<b>Til fordeling i budsjettåret</b>		<b>10 500</b>	<b>6 100</b>	<b>4 400</b>
<b>SUM</b>		<b>52 700</b>	<b>55 800</b>	<b>-3 100</b>

Fylkesmannen har i si vurdering nytta:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt tildelingsbrev med retningslinjer, datert 29.06.2018.
- Kommuneproposisjonen for 2019.
- Eigne vurderingar og analyse av den enkelte kommune.

Vedlagde tabell syner fordelinga av skjønnet etter dei kriterium som vi har lagt vekt på.

Nasjonalt er basisramma for skjønnsmidlar til kommunane redusert med 100 mill. kroner samanlikna med 2018 (10 %). Reduksjonen er overført til innbyggjartilskotet. Frå 2019 er fylkesrammene fordelt etter ny embetsstruktur, og ramma til nye Vestland er 168,3 mill. kroner. Samanlikna med fylkesrammene for 2018 (Sogn og Fjordane 55,8 mill. og Hordaland 122,5 mill. kroner), er dette ein reduksjon på 10 mill. kroner (6 %). I felles leiarmøte mellom dei to embeta er det teke ei avgjerd at ramma for Vestland i 2019 blir høvesvis fordelt mellom embeta slik som i 2018. Det betyr at ramma til Sogn og Fjordane blir 52,7 mill. kroner. Dette er tilrådd fordelt med 42,2 mill. kroner (49,7 i 2018) til kommunane gjennom statsbudsjettet og 10,5 mill. kroner (6,1 mill.) til fordeling i budsjettåret.

## **2. Dette er det lagt vekt på ved fordeling av skjønnsmidlane**

### **2.1 Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift**

Frå 1. januar i 2007 vart ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift (DAA) på nytt innført for dei fleste kommunane i fylket og kompensasjonen med skjønnsmidlar fall bort for desse kommunane. Tre kommunar har framleis høgare sats enn før omlegginga av ordninga i 2007 (Flora, Sogndal og Førde). I 2014 var det gjennomgang/revisjon av i verkeområda for DAA, men dette fekk ikkje verknad for avgiftssatsane til kommunane i Sogn og Fjordane. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift var fram til 2014 skilt ut som eige beløp i skjønnsramma frå KMD. Frå 2015 vart kompensasjonen lagt inn i basisramma, og dermed ikkje synleg som eige beløp. Fylkesmannen har likevel valt å bruke auka sats for arbeidsgjevaravgift som eit kriterium for skjønnsmidlar, men gjennom ei årleg nedtrapping på 10 % frå 2016. Dette vert vidareført i 2019. Ei nedtrapping er i samsvar med retningslinjene til KMD, men samtidig skal det kvart år gjerast ei ny samla vurdering av behovet for skjønnsmidlar til kvar av kommunane dette gjeld for.

### **2.2 Sosiale kriterium**

Vi har fordelt 16,7 mill. kroner til kommunar som har høge utgifter knytt til særleg ressurskrevjande tenester. Dette er ein reduksjon på 0,7 mill. kroner frå 2018. Vi tek omsyn til kommunar som har særleg høg eigendel per innbyggjar. Kommunane Gulen, Vik, Balestrand, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Naustdal, Bremanger, Selje, Eid, Hornindal og Gloppen har etter kommunestorleiken i varierende grad høge eigendelar til ressurskrevjande tenester. Samla sett har utgiftene til ressurskrevjande tenester auka for kommunane, og saman med reduksjon i fylkesramma så er kompensasjonsgraden redusert frå 25 til 20 %. Førde, Sogndal, Flora og Eid får skjønnsmidlar etter helse/sosiale kriterium som følgje av vekstsenter og studentar. Desse midlane er trappa ned samanlikna med 2018.

### **2.3 Utgifter til språkdeling**

Vågsøy kommune får tildelt kr 1 400 000 og Flora kr 250 000 som følgje av meirutgifter til språkdeling (både nynorsk – og bokmålsklassar på same trinn) etter grunnskulelova. Samanlikna med 2018 har Flora ein klasse i reduksjon og Vågsøy ein klasse i auke. Begge kommunane får ein generell reduksjon på 10 % som følgje av lågare fylkesramme.

## 2.4 Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon

Skjønnsmidlar som blir gjeve til kommunar i Robek (registrert i register for betinga godkjenning og kontroll) og andre kommunar med økonomisk ubalanse, skal alltid vere knytt opp til ein forpliktande plan for å kome i økonomisk balanse. Denne planen skal enten vere økonomiplan/budsjett, eller ein eigen spesifisering av økonomiplan/budsjett. I planen skal kommunen spesifisere konkrete tiltak for å igjen opprette økonomisk balanse. Sogn og Fjordane har no Bremanger kommune registrert i Robek. Bremanger er i registeret med årsak i Terra-sakene, og har eit akkumulert underskot på 54 mill. kroner per 31.12.17. Bremanger planlegg å dekkje underskotet innan 2021. Kommunen fekk ekstra skjønnsmidlar då Terra-saka oppstod. Men ettersom kommunen har høge kraftinntekter, får ikkje kommunen skjønnsmidlar over fylkesramma. Fylkesmannen følgjer opp kommunen gjennom kontroll av budsjett- og økonomiplanar og møte om det er behov for det. Naustdal kommune vart utmeldt av Robek i år etter at oppsamla underskot vart dekt inn. Men kommunen har framleis ein vanskeleg økonomi, og får etter ein nedtrapping skjønnsmidlar knytt til dette kriteriet. Etter gjennomgang av budsjett- og økonomiplanar, følgjer vi etter behov særskilt opp kommunar med tilbakemeldingar per brev eller møte.

## 2.5 Kommunane sitt inntektsgrunnlag

Utviklinga av folketalet betyr mykje for inntektsgrunnlaget. I ei samla vurdering av skjønnsmidlar har vi brukt dette som eit kriterium. Det er og sett på nivået på dei frie inntektene korrigert for variasjonar i utgiftsbehov, jf. tabell 2.4 i kommuneproposisjonen for 2019.

Fleire av kommunane i fylket har inntekter frå kraftverksemdar, og vi tek omsyn til det i ei samla vurdering.

Frå 2018 får kommunar som har lokalisert oppdrettsanlegg utbetalt midlar frå Havbruksfondet. Vi har under samla vurdering teke omsyn til midlar frå Havbruksfondet, med grunnlag i kommunens utbetaling i prosent av inntekter. Men det er og lagt til grunn at det er knytt usikkerheit om framtidige utbetalningar og storleikar frå Havbruksfondet.

## 2.6 Kommunane sitt utgiftsbehov

Fylkesmannen har lagt vekt på kommunar som har ulemper med spreidd busetnad, og om det er utgifter knytt opp til å vere eit senter for regionen. Begge desse vurderingane må gjerast ut frå utgiftsutjamninga i inntektssystemet, og betydninga av å vere eit vekstsenter er trappa ned samanlikna med 2018.

Vi har og vurdert om det er kommunar som har utgifter til landbruksforvaltninga og særlege miljøutfordringar knytt til forvaltning av samfunnet sine fellesressursar, der desse ikkje vert fanga opp av utgiftsutjamninga. Under samla vurdering er det teke omsyn til at kommunane Solund og Askvoll har utgifter knytte til spesielt verdfulle naturtypar som krev skjøtsel og oppfølging.

## 2.7 Midlertidige ordningar

Vi har vurdert kommunar der nyoppretta asylmottak blir lagt ned etter kort tid, og at kommunane gjennom langsiktige avtalar kan få eit økonomisk ansvar som kan vere utfordrande. Men etter samla vurderingar har vi ikkje i denne tildelinga fordelt midlar etter dette kriteriet.

## 2.8 Fornyings- og innovasjonsprosjekt

Vi har avsett ei ramme på 5,5 mill. kroner som blir tildelt etter søknader. Dette er 2,2 mill. kroner meir enn i 2018.

**2.9 Samla vurdering og midlar som er avsett til seinare fordeling**

I kolonnen samla vurdering (jf. vedlagte excel-ark skjønn-2019), ligg den økonomiske oppsummeringa av kriteria og vurderingane som er omtalte i kapitla 2.1 til 2.8. I tillegg vert det lagt vekt på at det for kommunane skal vere til dels føreseieleg frå år til år. Det er avsett 5 mill. kroner til fordeling i året. Det utgjer 9,5 % av basisramma. Tilsvarende sum for 2018 var 2,8 mill. kroner. Midlane vert fordelte i 3. kvartal 2019, og sett i samanheng med særlege hendingar og utvikling i budsjettåret.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. Fylkesmann

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Tabellar fordeling av skjønnsmidlar 2019